



Fire uskedelinger som har fått si medalje og er glade trass i alt: Ingebjørg Haugland, Cathrine Yri Røssland, Kari Bråtun og Anne Marte Zimmer.

**Uskedelingen Ingebjørg Haugland (15) leverte ein formidabel kamp, hadde mange sjansar og var klart best på bana då Rosendal i ettermiddag møtte Trio til finaleoppgjæret om å bli krinsmeister i J14 2. divisjon.**



Ingebjørg Haugland var best på bana. (Foto: Helge Sunde)

250 såg den eineståande og nærmast historiske kampen mellom dei to Kvinnheradslaga på Kvednabekkjen. Fire uskedelinger var på laget til Rosendal.

Likevel nytta det ikkje. Rett nok var stillinga 1-1 ved kampslutt etter at Ingebjørg hadde utlikna idet 61. minutt. Men reglane gav Husneslaget sigeren med minst moglege margin -5-4 i cornerar - og dermed vart det jubel hos dei raude og tårar hos dei kvite. Men det var ein tilnærma jamnspelt kamp der Rosendal var nærmast sigeren og så spanende var den at den hadde karakter av thriller.

Mange meiner at uavgjort utan ei avgjerd hadde vore det mest rettferdige. Rosendal gjekk sterkast ut også med omsyn til hjørnesparka.

Først etter eit kvarter kom Trio til hektene med gode sjansar. Også etter pause starta Rosendal best, men det var Trios Amalie Djuvstad som sørger for leiing i det 49. minutt. Heimelaget var det beste også etter scoringa.

I dette stadiet fekk keeper Kathrine Yri Røssland frå Uskedalen ein fingerskade og måtte skiftast ut.

Ingebjørg var mot slutten eit permanent trugsmål mot Trio og scora altså til slutt. Men korkje ho eller dei andre fekk inn sigersmålet sjølv om det låg bokstavelig tala i lufta.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Det vart medalje for Rosendal-laget sjølv om dei tapte og her får Ingebjørg Haugland sin.